



Saksframlegg

Vår ref. 24/1064 - 8
Sakshandsamar Anne Kommedal
Dato 09.01.2025

Saksnr.	Utval	Møtedato
25/021	Eid fjord formannskap	10.03.2025

Vedtak om høyring og offentleg ettersyn av kommuneplanen sin arealdel 2025-2035 (planid: 2022001)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova §11-14 vert forslag til kommuneplanen sin arealdel lagt ut på høyring og til offentleg ettersyn.

Eid fjord formannskap 10.03.2025

Handsaming

Røysting:

Samrøystes vedteke.

FSK - 25/021 vedtak

Med heimel i plan- og bygningslova §11-14 vert forslag til kommuneplanen sin arealdel lagt ut på høyring og til offentleg ettersyn.

Vedlagt:

- Planskildring
- Føresegner
- Plankart Eid fjord kommune
- Plankart delområde Bu, Eid fjord, Simadal, Øvre Eid fjord, Sysendalen
- Samla risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS) og konsekvensutredning (KU) for kommuneplanens arealdel (kortversjon)

- Samla risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS) og konsekvensutredning (KU) for kommuneplanens arealdel (langversjon)

Vedtak skal sendast til:

Vedtaket skal kunngjera på kommunen sine heimesider, i lokale aviser og i digitalt planregister. Råka mynder, partar og innsplespartar skal varslast direkte om vedtaket. Administrasjonen skal setja opp høyringsmøter med fokus på gjennomgang av kommuneplanen sin arealdel for innbyggjarane i Eidfjord.

Endeleg avgjerd i:

Formannskapet

Saka gjeld:

Administrasjonen har saman med ei politisk styringsgruppa arbeida fram eit forslag til kommuneplanen sin arealdel for perioden 2025-2035 (planid: 2022001). Då gjeldande kommuneplan vart laga, gjaldt plan- og bygningslova av 1985. Siden den gang har me fått ny plan- og bygningslov av 2008, og denne har andre føringar for utforming av kommuneplanen sin arealdel.

Ny kommuneplan inneber oppdaterte og utfylte føresegner som fylgjer plankartet. Plankartet er oppdatert til ny SOSI-standard for arealføremål. Innholdet i plankartet er mykje likt som gjeldande plan, med nokre nye elementer. Etter politisk avgjersla har ein valt å ta inn få nye områder til fritidsbustadbygging, fokusera på utbygging i eksisterande områder og framtidige områder frå gjeldande kommuneplan. I planarbeidet har ein arbeida inn samtlige stølsområder frå gjeldande kommuneplan med avgrensing av områder i LNFR spreidd fritidsbustad og tilhøyrande retningsliner. Ein har valt å regulera inn kraftverksinstallasjoner i fjellet for å unngå unødvendige dispensasjonar frå kommuneplan. Når det gjeld bustad har valt å forsterke spreidd bustadbygging gjennom å regulera areal for LNFR spreidd bustad i grendene.

Prosess

Kommuneplanen sin arealdel hadde oppstart i overgangen 2021-2022. Våren 2022 vart nytta til utforming av planprogrammet til kommuneplanen sin arealdel.

Planprogrammet hadde fokus på følgjande punkt:

- Bustad og fritidsbustad
- Handel, næring og turisme
- Infrastruktur
- Natur-, kultur- og friluftsverdiar
- Nyting av sjøareal
- Mineralressursar
- Klausulering av vasskjelder
- Området Bu

Vidare forsatte me inn i ein informasjon- og opplysningsbolk i samband med innspelsrunda. Administrasjonen arrangerte folkemøter for å informera om kommuneplanprosessen, vekka tanker hos innbyggjarane og be om innspel til planen. Innspelsperioden var frå oktober 2022 til mars 2023. Undervegs vart det arrangert temamøter med bakgrunn i diskusjonstema frå folkemøta. Desse vart gjennomført med målsetnad om å drøfta problemstillingar knytt til fritidsbebyggelse, turisme og bustadbygging.

Skriftlege innspel vart vurdert etter ein felles metodikk for konsekvensutredning (KU) og risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS). Samla vurdering av alle innspel ligg vedlagt saksframlegget. Kvart innspel vart drøfta av den politiske styringsgruppa i ljós av gjennomført KU og ROS. Innspela vart sortert i a) arbeida vidare med, b) skrinlegga og c) votering i formannskapet. I sak 24/050 vart samtlige innspel handsama. Vedtaket i saka vart grunnlag for administrasjonen å arbeida vidare med som grunnlag for planforslaget.

Underveis i planarbeidet vart det politisk skifte etter kommunevalg. Med grunnlag i dette har det vore to ulike politiske styringsgrupper i prosessen. Den første gruppa fulgte folkemøtene og innspelsrunda. Den andre styringsgruppa kom inn i gjennomgangen av innspela, og politisk handsaming av dei. Under utarbeiding av dokumenta har styringsgruppa vore deltagande. Administrativt har prosjektgruppa og fagmiljøet på forvaltning stått sentralt. Det er gjort eit stort arbeid knytt til føresegnehene for å sikra fornuftige prosesser etter kommuneplanen. Kommunen har nytta eit innleigd konsulentelskap til å utarbeida plandokumenta.

Kart og dokumenter knytt til arbeidet med kommuneplanen sin arealdel kan sjåast i arealplaner.no.

Plan for høyringsperioden

Etter vedtak av høyring og offentleg ettersyn av kommuneplanen sin arealdel vil planen verta lagt på høyring i 8 veker. Det vil vera mogleg for innbyggjarar, interessentar og mynder å komma med merknader eller innspel til planen.

Administrasjonen vil orientera om kommuneplanen sin arealdel i kommunestyret, i ungdomsrådet og i råd for eldre og mennesker med nedsett funksjonsevne. Det er ynskjeleg at desse organa kjem med innspel til planforslaget.

Kommunen vil opna for ein digital merknad- og innspelsløysing via kommunen sine heimesider. Merknader vil verta gjennomgått. Eventuelle nye innspel som kjem, vil etter frista verta vurdert etter same KU og ROS-metodikk som innspela frå starten av prosessen. Den politiske styringsgruppa vil vera aktiv i prosessen med vurdering av innspela. Innspela vil på lik lina som innspel i første runde, verta vedtekne av formannskapet om dei skal arbeidast vidare med eller ikkje.

I høyringsperioden vil administrasjonen arrangera høyringsmøter kor ein vil gjennomgå forslag til kommuneplanen og vera tilgjengelige for spørsmål. Høyringsmøta vil føregå i dei ulike grondene, på lik lina som ved folkemøta i oppstarten. Det vil bli lagt ut informasjon på kommunen sine heimesider knytt til tid og stad for høyringsmøter.

Ny arealbruk

Forslaget til ny arealdel til kommuneplanen vil legga fôringar for endringar i arealdisponeringa. Det har skjedd endringar gjennom gjeldande planperiode og endringar basert på innspel og framtidige behov. Avsnitta tek føre seg dei nye hovudelementa i Eidfjord kommune.

Bu

Området Ytre Bu er nytt i Eidfjord kommune sin kommuneplan grunna grensejusteringa i 2022. Området Ytre Bu er regulert i tråd med gjeldande reguleringsplanar frå Ullensvang herad og supplert med LNFR.

Plankartet for Bu syner ei endring i områder for spreidd bustad (LSB). Med eit ynskje om å tillata noko speidd utbygging etter kommuneplan, har ein valt å leggja inn LNFR spreidd bustad kring eksisterande bebyggelse. Ein har i eksisterande LNFR spreidd bustadområde justert noko på utstrekninga for å sørga for å ikkje ta kjerneområder på dyrka mark. Områda med spreidd bustad er lokalisert langs veg og eksisterande bebyggelse. I føresegna er det definert kva tilvekst av bustader som kan komma i planperioden.

Etter innspele nr. 15 er det lagt inn eit område til kombinert bustad- og fritidsbebyggelse (KBA1) nord for rv. 7.

Avgrensinga for teknisk anlegg (BA) er utvida noko, med ei grunngjeving at det på sikt er mogleg å etablera eit større anlegg for å sikra vassforsyning til heile Bu. Per dags dato har Eidfjord kommune berre kommunalt vassnett til einingar på Indre Bu. Etter grensejustering slik at Ytre Bu er del av Eidfjord kommune, vil det på sikt vera naturleg å knyta desse på eit kommunalt vassnett.

Brimnes-Erdal

Plankartet for Erdal syner ei endring i område for eksisterande spreidd bustad (LSB). Ein har avgrensa området, og sentrert det kring eksisterande bebyggelse og veg. I føresegna er det definert kva tilvekst av bustader som kan komma i planperioden. I Erdal er eksisterande minikraftverk (ABA) lagt inn i plankartet.

I plankartet for Brimnes har ein valt å regulera inn eksisterande ferjekai og Statens vegvesen sin kontrollstasjon.

Eidfjord

I plankartet for Lægreid ha ein trekt opp eit hovudføremål som speglar gjeldande områdeplan. Området er lagt som sentrumsføremål (SF2) for å stetta dei varierte tenestene ein har i området; bustad, offentleg tenesteyting og næring.

I forlengelse av småbåthamna, har ein lagt inn ei utfylling av landareal (SH2, SH4) for å kopla småbåthamna og Menes saman. Dette vil gje ei betre utnytting av området, og gje større moglegheiter for håndtera ferdsel til sjøs via tildømes eit kaianlegg.

I hamneområdet er det valt å redusera ankringsområdet utanføre cruisekaien (HOS). Reduksjonen er gjort etter politisk ynskje om å unngå skip ved kai og skip på anker samstundes.

I Hereidsvika har ein valt å legga inn ei utviding av bustadføremål (B5) langs sjøpromenaden. Dette er forutsett ei utfylling i sjø og justering av fv. 5096 forbi området. Føremålet med området er å tilretteleggja for bebyggelse i mindre einingar, samstundes som ein ivaretak koblinga mot fjorden. Det er ynskjeleg med offentleg tilgjengeleg strandsone i framkant av eventuell bebyggelse.

Det er i området rundt Tråa valt å legga inn eit areal for LNFR spredd bustad (LSB10). Føremålet er å tillata noko speidd utbygging etter kommuneplan kring eksisterande bebyggelse. I føresegna er det definert kva tilvekst av bustader som kan komma i planperioden.

I gjeldande kommuneplan er det lagt inn eit framtidig bustadområde i forlengelsen av Steinbrotet. I forslaget er det valt å ta denne ut, då området vil vera utfordrande å bebygga grunna kostnader ved tomtearrondering, restriksjonar ved naturfare og landskapsverknader.

I munningene ved Ostangen og Soget er det lagt inn ei samferdselslina for gang- og sykkelvegbru for å kopla områda på kvar sida av elva. Målsetnaden er å tilrettelegga for ei betre kanalisering av turistar, og gje betre gangmoglegheiter for innbyggjarane. Lina vil vera rettleiande for plassering. Det vil verta krav om detaljregulering ved tiltak for å avklara koblingspunkt.

Simadal

Plankartet for Simadal syner ei endring i næringsområder (NÆ4). Det er lagt til ei utviding av næringsområdet ved kaien som strekk seg i austleg retning mot området for masseuttak.

Område for motorcrossbane på Medhus er tatt ut, og regulert attende til LNFR.

Området til Statkraft og Statnett er justert i utforming og samla under eit føremål (ABA47). ABA-føremål finn ein igjen fleire stader i plankartet ettersom ein i samarbeid med Statkraft har valt å regulera inn installasjoner knytt til drift av kraftverket.

Øvre Eidfjord

Plankartet for Øvre Eidfjord syner ei endring i områder for spreidd bustad (LSB). Med eit ynskje om å tillata noko speidd utbygging etter kommuneplan, har ein valt å leggja inn LNFR spreidd bustad kring eksisterande bebyggelse. Områda med spreidd bustad er lokalisert langs veg og eksisterande bebyggelse. I føresegna er det definert kva tilvekst av bustader som kan komma i planperioden.

Det er lagt inn eit område for kombinert verksemd (KBA3). Det har vore ein måletnad å tilrettelegga for eit område for tungbilstopp og område for eventuell ny miljøstasjon. Plassering av desse tenestene må vera i nærleik av eksisterande vegnett og nært eksisterande tenesteyting.

Ved Norsk Natursenter det det i sørleg retning teke ut eit område regulert til offentleg tenesteyting. Området var regulert inn i Steinberg og over dyrka mark. Området er regulert attende til LNFR.

Staupo er eit masseførande vassdrag, i den forbindelse er det valt å legga området inn som eit masseuttak (RU1) for å lovleg kunna ta ut masser i området.

På Hjølmoberget har ein valt å regulera inn eksisterande parkeringsareal, inkludert ei mindre utviding (P2). Dette er gjort for å setta dagens bruk av område til ferdsel og landbruksdrift.

I Måbødalen er det valt å leggja ei omsynssoa for bevaring av kulturmiljø kring "gamlevegen". Sona går fra Måbø gard til Fossatromma. Vegen er ikkje formelt verna, med eit viktig element i Måbødalen som ein ynskjer å taka vare på.

Sysendalen

Plankartet for Sysendalen syner ei utviding i fritidsbustadfeltet Solbakken (FB15) og ei endring av avsett område til fritidsbustad på Gardsmyrane (FB21, 24). Endringene skjer etter innspel nr. 31 og innspel nr. 45. Yttlegare er det gjort ei justering av avsette områder i Storlia til fritidsbustadbebyggelse (FB47, 50). I området ved Storlia er det tatt ut noko områder for fritidsbebyggelse som er lagt attende til LNFR.

Ved golfbanen på Fet er det etter innspel nr. 92 valt å regulera inn eit område for kombinert bebyggelse til fritidsbustad og næringsverksemd (KBA13).

På Garen, nord for rv.7, er det etter innspel nr. 73 lagt inn eit område for kombinert bebyggelse bustad, fritidsbustad og næring.

I tråd med reguleringsplan for reinseanlegg for Sysendalen, er dette trekt opp i kommuneplanen (ABA39).

I Tverrlia er det lagt inn eit idrettsområde (IDR10) til bruk som alpin- og langrennstrase. Denne kopler seg på eksisterande område for skiaktivitet på Maurset (IDR7, IDR8, IDR9).

Kring Sysendammen og opp i Storlia er eksisterande kraftverksinstallasjoner regulert inn i kommuneplan. Dette gjeld kraftverket Leiro (ABA25) under Sysendammen, kraftverket i Storlia (ABA42), sperredammen i Bjoreio (ABA43) og inntaket til Storlia kraftverk (ABA44). Det er gjort ei justering av regulert kraftverk fra gjeldande kommuneplan attende til LNFR.

I Istdal er eksisterande parkeringsplass (P6) i Kleivane regulert inn, som forlengelse av den kommunale vegen. Det er valt å regulera inn parkeringsplassen for å sikra ein god utferdspost til områder som er mindre råka av problemstillinga knytt til villrein på Hardangervidda.

Dyranut-Halne

I fjellområdet er det lagt inn ei framtidig samferdselslinja for Dyranuttunnel etter Statens vegvesen si konsekvensutredning. Lina opnar for moglegheita til å starta eit reguleringsplanarbeid i tråd med kommuneplanen sin arealdel. Detaljreguleringa skal syna konkret plassering. Samferdselslinja vil vera rettleiande i høve dagens diskurs om lang Dyranuttunnel.

For næringsverksemden knytt til Dyranut og Halne er det lagt inn LNFR spreidd næring (LSN2, LSN3) for å setta opp under ei drift av byggene og ei utviding ved behov. Reguleringsplanen for Halne brygge er trekt opp som anna bygg og anleggsføremålet (ABA) i tråd med bruken som naust/brygge og parkeringsareal. Området er lagt under omsynssone 910_1 kor reguleringsplanen skal fortsetta å gjelda, og ved motstrid skal kommuneplanen sin arealdel gå foran.

Restriksjonsområder i plankartet


Plankartet syner følgende faresoner, sikringssoner, omsynssoner og bandleggingssoner:

- Faresone ras- og skred, flaum, høgspent, anna fare
- Sikringssone nedslagsfelt drikkevatn, område for grunnvatnforsyning, støysone
- Omsynssone landskap, bevaring naturmiljø, bevaring kulturmiljø, randområder til nasjonalpark
- Bandleggingsområder etter lov om naturvern, etter lov om kulturminne
- Detaljeringssoner for planar som skal forsetta å gjelda framføre kommuneplanen sin arealdel, planar som skal gjelda med kommuneplanen går foran ved motstrid

Med grunnlag i ulike lag av restriksjonsområder, vil rådmannen trekka fram nokre av sonene for å syna utstrekninga av området.

Nasjonalt villreinområde

Nasjonalt villreinområde dekker store deler av kommunen sitt areal i høgfjellet. Som utgangspunkt er det etter *Regional plan for Hardangervidda* ikkje ynskje om å tillata utbygging innanføre dette området. Regional plan gjer dog ei opning for stølsområder i Eidfjord. Kommuneplanen sin arealdel føreslår regulering av stølsområder innanføre avgrensninga. Rådmannen meina reguleringa vil føra til ei bedre håndtering og avgrensing av eventuell bygging i stølsområder. Kommuneplanen sin arealdel føreslår også eit alpin- og langrennsområde innanføre nasjonalt villreinområde. I eit reguleringsplanarbeid vil det vera naudsynt å drøfta problemstillinga nærmare.



Figur 1: illustrasjon av avgrensinga til nasjonalt villreinområde.

Sikringssone nedslagsfelt drikkevatn (H110)

10.2. Nedslagsfelt drikkevatn (H110)

- 10.2.1. Innanfor sona H110 er det ikkje høve til å utøve aktivitet eller tiltak som kan medføre forureining av drikkevatnet i form av avrenning av ein art som kan redusere vasskvaliteten, frå eksempelvis camping, landbruksdrift, næring m.m. (jf. pbl. §11-8 a).

Figur 2: føresegna knytt til H110.

Eidfjordvatnet og Sysenvatnet er drikkevasskjelder i kommunen. Over kvart av magasina, samt ca. 100 m kring magasinet, er det lagt restriksjonar for nye tiltak som kan føra til forureining av drikkevatnet. Sona er lagt inn for å klausulera drikkevasskjelder i kommunen.

Område for grunnvannsforsyning (H120)

10.1. Område for grunnvassforsyning (H120)

- 10.1.1. Innanfor sone H120 er det ikkje høve til å gjennomføre tiltak som kan medføre forureining av vasskjelda (jf. pbl. §11-8 a).

Figur 2: føresegna knytt til H120.

Etter Vann-Nett, Miljødirektoratet sin portal om vassførekomster i Norge, er det lagt inn ei omsynssone for grunnvatn i Øvre Eidfjord. Sona legg restriksjoner for nye tiltak som kan føra til forureining av vasskjelda. Sona er lagt inn for å klausulera drikkevasskjelder i kommunen.

Stølsområder

I kommuneplanen sin arealdel har ein valt å nytta ressurser på å regulera inn eksisterande stølsområder, i tråd med metodikk som gjeldande kommuneplan legg til grunn. Gjeldande kommuneplan har regulert inn nokre av stølsområdene. I forslaget til plan vel ein regulera inn samtlige stølsområder omtalt i tabellen frå gjeldande kommuneplan.

Stølsområda er i gjeldande plan regulert som LNFR spreidd fritidsbustad. Dette har me vidareført for resten av stølsområda. Ein har forsøkt ei edrueig avgrensing av områda. For områder med aktsemndssoner for naturfare, vil det vera naudsynt å plassera bygg utanføre aktsemndssonane eller gjennomføra ei kartlegging som syner reel naturfare i området.

Tabell 1: oversikt stølsområder med referanse til feltkode.

Grunneigarlag/sameiga	Stølsområde	Feltkode
Heimfjell grunneigarlag	Busete	LSF2
	Tjødnane	LSF1
	Erdalstølen	LSF3
Vedal-Fivlingen grunneigarlag	Fivilingen	LSF4
	Hæreidsvedal	LSF6
	Lægreidsvedal	LSF5
Simadal sameiga	Isdalens	LSF19, LSF20, LSF21
	Kleivane	LSF22
	Smytte	LSF18
	Skykkjedal	LSF23
	Hjølmoset, Kalvanuten	LSF9, LSF10
Drølstøl-Skisete-Hadle grunneigarlag	Mjølrakkelia	LSF12
	Jiaredalen	LSF11
	Skisete	LSF17
	Hadle (nord)	LSF16
	Berastøl	LSF13, LSF14
Veigdalen grunneigarlag	Hadle (sør)	LSF15
	Øyna	LSF7, LSF8
	Grjoto	LSF28
Søre Bjoreidalen grunneigarlag	Særebakken	LSF30
	Rinden, Nybu	LSF35
	Gruvo	LSF29
Bjoreidalen Nordre grunneigarlag	Lars Lund-stølen	LSF31
	Gjero	LSF27
	Miklestølen	LSF32
	Nuten	LSF33
	Gamlestølen	LSF34
	Bjoreidalshytta	LSF39
	Fossane	LSF42
	Granahytta	LSF40, LSF41
	Skiftesjøen	LSF36, LSF37, LSF38
	Krossdalen	LSF26
Hansalia sameiga	Hansalia	LSF24, LSF25

Regulering av kraftinstallasjonar

I samarbeid med Statkraft har ein gjennom arbeidet identifisert ulike kraftinstallasjonar i fjellet som ein har valt å regulera inn i kommuneplanen sin arealdel. Kvar kraftinstallasjon er vurdert, og det er satt ei avgrensing i samsvar med Statkraft sine eigedommar eller det ein har sett som ei naturleg restriktiv avgrensing av området. Det er installasjonar knytt til drift av kraftverket; kraftstasjonar, demninger, driftshytter, lukehus ol. som er regulert inn. Elementene er etablert i samsvar med konsesjonen knytta til Eidfjord nord-anlegga. Det er valt å gjera dette grepet for å unngå dispensasjoner frå kommuneplanen ved trong for vedlikehald av anlegg, eller tiltak som har løyve etter anna lovverk. Rådmannen meina det er viktig å synleggjera arealbruken på desse tiltaka.

Kommunen har lagt denne praksisen til grunn for andre kraftverk i kommunen også; Tveitafoss kraftverk og Erdal minikraftverk.

Tabell 2: regulerte kraftverksinstallasjonar.

Installasjon	Område	Feltkode
Kraftverk	Sima kraftverk	ABA47
	Leiro kraftverk	ABA25
	Storlia kraftverk	ABA42
	Erdal minikraftverk	ABA30
	Tveitafoss kraftverk	ABA24
Dammer	Tinnhølen	ABA21
	Bjoreio sperredam	ABA43
	Rembesdalen	ABA13
	Rembesdalen damoverløp	ABA10
	Austre Langavatn	ABA20
	Vatn 1464 løsmasseterskel	ABA33
Inntak	Vatn 1464 kanal	ABA16
	Storlia	ABA44
	Isdal	ABA29
	Skytkjedalfossen	ABA26
	Nordelvi inntak/utløp	ABA18
	Nedre Demmevatn	ABA14
	Åsåni	ABA17
	Oneåni	ABA31
	Skreåni	ABA22
Tverrlagstunnel, tunnelutløp	Tveitafoss inntak	ABA23
	Isdal	ABA27
	Holmavatn	ABA32
Tenisk bygg	Sysendammen lukehus	ABA34
	Rembesdal 1	ABA11
	Rembesdal 2	ABA12
	Rembesdal 3	ABA28
	Rembesdal 4	ABA9
	Holmavatn nødbu	ABA15

Status vedtekne reguleringsplanar

Ved rullering av kommuneplanen sin arealdel er det krav om at ein skal gjennomgå planbanken. Ein skal vurdera kva planer som skal gjelda vidare og gå foran kommuneplanen sin arealdel, kva planer som skal gjelda vidare men kommuneplanen skal styra ved motstrid og kva planer ein kan oppheva.

Ved oppheving av planar vil det i etterkant av kommuneplanen sin arealdel verta gjennomført ein eigen opphevingsprosess. Denne er tilsvarende prosess for å vedtaka ein reguleringsplan.

Tabell 3: reguleringsplanar som skal gjelde foran kommuneplanen sin arealdel ved motstrid.

<u>PlanID</u>	<u>Plannamn</u>	<u>Type</u>	<u>Ikraft</u>
1998001	Bebyggesesplan for Maursæth Hardanger Fjellpark	Bebyggesesplan	08.06.1998
2004001	Maursæth Fjellheim	Eldre reguleringsplan	16.02.2004
2006001	Reguleringsplan for Garen- 18/1 og 5 m.fl.	Eldre reguleringsplan	04.03.2013
2006002	Maurset Nord gnr. 17, bnr. 1	Eldre reguleringsplan	18.09.2006
2007004	Holmane bustadfelt- Reguleringsendring	Eldre reguleringsplan	25.06.2007
2007006	Tverrlihaugen	Eldre reguleringsplan	25.06.2007
2007008	Fagerli (21/99)	Detaljregulering	23.06.2015
2007011	Kvednavegen- Sjobbakane- Reguleringsendring	Eldre reguleringsplan	04.11.2009
2009002	Tinnhølvegen med damområdet	Detaljregulering	06.03.2017
2010001	Høel hyttefelt	Detaljregulering	20.06.2011
2010003	Eidfjord hyttegrend	Detaljregulering	26.03.2012
2014001	Revisjon av detaljplan Maurset Fjellheim	Detaljregulering	27.10.2014
2014003	Områdeplan Stakseng	Områderegulering	26.02.2016
2015001	Tvennlii *	Detaljregulering	11.05.2016
2018002	Maursetparken, gnr. 17 bnr. 207 og 208	Detaljregulering	22.04.2024
2019004	Detaljregulering for Garen- gnr/bnr 18/286	Detaljregulering	31.08.2020
2020001	Reguleringsendring Blurnes	Detaljregulering	04.03.2022
2020003	Garen gbnr. 18/2	Detaljregulering	13.12.2021

*Tvennli (PlanID:2015001): Nordleg del, om lag 155 dekar, av reguleringsplanen vert avsett som framtidig idrettsanlegg. Reguleringsplanen vert difor berre gjeldande for areal som ligg innanfor detaljeringszone 910, jf. 13.1

Tabell 4: reguleringsplaner som skal fortsetta å gjelda, ved motstrid går kommuneplanen sin arealdel foran.

<u>PlanID</u>	<u>Plannamn</u>	<u>Type</u>	<u>Ikraft</u>
12312007001	Hardangerbrua med tilførselstilvegar	Eldre reguleringsplan	18.05.2007
12312007002	Hyttefelt Bu	Eldre reguleringsplan	25.06.2007
1975001	Garatun (Bjødnatun)	Eldre reguleringsplan	31.10.1975
1979001	Leiro	Eldre reguleringsplan	25.07.1979
1980003	Gryteskar- 21/5	Eldre reguleringsplan	24.11.1980
1982001	Storli	Eldre reguleringsplan	03.08.1982
1986001	Bergslien-Blurnes- Reguleringsendring	Eldre reguleringsplan	26.05.1986
1999001	Halne	Eldre reguleringsplan	10.03.1999
2003001	Bjødnatun- Reguleringsendring	Eldre reguleringsplan	19.08.2003
2004002	Vik/Lægreid- Reguleringsendring	Eldre reguleringsplan	19.04.2004
2004007	Høgasteg- Brimnes Indre	Eldre reguleringsplan	08.11.2004
2004010	Hardangerbrua	Eldre reguleringsplan	08.11.2004
2005004	Myklatun Camping	Eldre reguleringsplan	12.12.2005
2005011	Garen	Eldre reguleringsplan	11.04.2005
2007001	Liset	Bebyggesesplan	21.05.2007
2007002	Geithaugen	Eldre reguleringsplan	05.11.2007
2008001	Sæbø camping- Reguleringsendring	Eldre reguleringsplan	10.03.2008
2008003	Maurseth- Bruskorvet (Gang/Sykkelveg)	Eldre reguleringsplan	08.09.2008
2008005	Gang- og sykkelveg mellom Eidfjord og Eidfjordtunnelen	Detaljregulering	08.02.2016
2010002	Rv. 7/Rv. 13 Hardangerbru med tilførselsveger, strekninga Høgasteg-Bugjelet	Detaljregulering	25.03.2011
2012001	Områdeplan for Fossatromma-Vøringsfossen-Fossli	Områderegulering	31.03.2014
2012003	Bruskorve, Gnr./Bnr. 18/2 m.fl.	Detaljregulering	23.06.2015
2013001	Områdeplan Menes- Vik- Lægreid	Områderegulering	27.06.2016
2013002	Detaljplan Fet, gnr 19, bnr 1 og 2 m/fl	Detaljregulering	25.04.2015
2013004	Reguleringsendring på Solbakken 21/4 m.fl.	Detaljregulering	23.06.2014
2013005	Detaljregulering for Midtbø	Detaljregulering	21.06.2016
2015002	Detaljregulering for Eidfjord Resort	Detaljregulering	01.02.2021
2019003	Detaljreguleringsplan for næringsområdet på Lægreid	Detaljregulering	22.06.2020
2022003	Sysendalen reinseanlegg	Detaljregulering	05.02.2024

Tabell 5: reguleringsplanar som skal opphevast.

<u>PlanID</u>	<u>Plannamn</u>	<u>Type</u>	<u>Ikraft</u>
0	Kommuneplan for Ullensvang 1992-2000 (Ytre Bu)	Kommuneplanens arealdel	02.12.1991
1973001	Hyttedisposisjonsplan Viveliid gnr/bnr 15/2 (Bergalia)	Bebyggelsesplan	01.08.1973
1980005	Bu	Eldre reguleringsplan	10.07.1980
1988002	Øvre Eidfjord	Eldre reguleringsplan	18.03.1988
1994002	Øvre Eidfjord - Reguleringsendring - Sentrum	Eldre reguleringsplan	26.09.1994
1998002	Sima - Reguleringsendring - Nord for FV103	Eldre reguleringsplan	18.03.1998
1987002	Sima	Eldre reguleringsplan	12.06.1987
1990005	Hagaskarv	Eldre reguleringsplan	05.10.1990
2001001	Kvednavegen/Sjobakkane - Reguleringsendring	Eldre reguleringsplan	13.02.2002
2001003	Øvre Eidfjord - Reguleringsendring - Ny gangvegtrase	Eldre reguleringsplan	21.05.2001
2002002	Sima - Reguleringsendring - Utviding vassdrag, samt parkering.	Eldre reguleringsplan	23.02.2002
2004003	Liset	Eldre reguleringsplan	03.05.2004
2007010	Eidfjord marina - Reguleringsendring	Eldre reguleringsplan	02.02.2009
2011001	Kommuneplanen sin arealdel Eidfjord 2011-2022	Kommuneplanens arealdel	28.03.2011
2014002	Kommunedelplan for Sysendalen	Kommunedelplan	09.04.2019
2017002	Mindre reguleringsendring av områdeplan Menes-Vik-Lægreid	Mindre reguleringsendring	11.06.2018

Vurdering:

Det er lagt eit stort arbeid ned i å oppdatera gjeldande kommuneplan til dagens standard for kommuneplanar. Det er gjort ein større jobb med å oppdatera føresegna for planen. Det er endra utgårte arealføremål til tilsvarende nye. Det er lagt inn store restriksjonsområder knytt til fare, omsyns og bandleggingsområder. Forslag til kommuneplanen sin arealdel bringer med seg flere konflikter i høve fritidsbustadbygging, tiltak i fjellet og stølsområder. Planforslaget har innarbeida innspel ein har valt å arbeida vidare med, i tråd med politisk vedtak. Rådmannen meina at forslaget har gode kvalitetar som ein ynskjer å innhenta refleksjonar kring frå innbyggjarar, interesser og regionle mynder.